



Møre og Romsdal fylkeskommune

HANDLINGSPLAN FOR OPPFØLGINGSTENESTA

2010

Vedlegg 1a

VISJON

Hjelpe vidare alle ungdommar som ikkje tar imot eller sluttar i tilbod om vidaregåande opplæring.

MÅL

Alle tilbod som blir formidla gjennom OT skal være tilpassa den enkelte ungdom med tanke på vidare opplæring eller sysselsetting.

VERDIAR

OT skal vere brukarorientert, samarbeidsorientert, kunnskapsbasert og prega av ope framferd.

1.0. Handlingsdel

I følge opplæringslova er formålet med OT å sørge for at all ungdom som hører til målgruppa får tilbud om opplæring, arbeid eller anna sysselsetting. OT kan også arbeide for å redusere fråfallet frå vidaregåande opplæring gjennom samarbeid med rådgivingstenesta i grunnskole og vidaregåande opplæring.

Lovpålagte oppgåver er å:

- ha oversikt over ungdom i målgruppa
- at det blir tatt kontakt med kvar enkelt ungdom i målgruppa
- at alle ungdommane i målgruppa får tilbud om rettleiing
- at alle ungdommar i målgruppa får tilbud om opplæring, arbeid eller anna sysselsetting
- Ha oversikt over aktuelle tilbud for ungdom i målgruppa
- Følgje opp ungdom som har tatt imot tilbud gjennom OT

I handlingsdelen vil vi definere kva arbeidsrutinar og tiltak vi vil legge vekt på for å få ei kvalitativt god oppfølgingsteneste for ungdom.

Det er viktig at førebygging blir retta mot heile årskull, risikogrupper og mot individ med etablerte vanskar. Tiltaka vil vere forskjellige alt avhengig av målgruppa og målsettingane med tiltaka. Sjølv om OT som regel kjem i kontakt med ungdommane etter at dei har slutta på skolen er det viktig at OT sin kunnskap om fråfall og fråfallsførebygging blir brukt i skolen.

Fagleg eining for PPT definerte i 1997 førebygging som:

Primær førebygging: Omfattar hele befolkninga/heile årskull for å unngå at særskilte problem oppstår. Til dømes kompetanseheving, bruk av pedagogisk materiale.

Sekundær førebygging: Er retta mot grupper der ein finn høg risiko for utvikling av visse vanskar eller, der ein finn indikasjon på visse vanskar.

Tertiær førebygging: Er tiltak mot identifiserte eller varige problem. Tiltaka er retta mot ein skilde individ eller grupper med same problem. Målet er å minske omfanget av problem eller forverring av situasjonen.

Vi vil bruke same inndelinga i oppbygginga av handlingsplanen.

I Primær førebygging Retta mot heile årskull	II Sekundær førebygging Retta mot risikogrupper	III Tertiær førebygging Retta mot individ med etablerte vanskar
<p>Generell informasjon om OT sitt arbeid: Til elevar/ungdommar og føresette</p> <p>Til grunnskolane/ vidaregåande skolar</p> <p>Til samarbeidspartar i nav og kommunar</p>	<p>OT kan bidra med kunnskap om risiko for fråfall i sitt samarbeid med vidaregåande skole: OT må samarbeide med skolane og kjenne til gjennomføringsarbeidet i fylket:</p> <ul style="list-style-type: none"> • kontaktlæraransvaret • karriererettleiing • ped. utviklingsprosjekt • alternative opplæringsarenaer i samarbeid med næringsliv og nav • tidlig formidling • opplæringskontraktar <p>Tverretatlege team i kommunane minimum to gonger årleg. Føremålet er å samordne og utvikle arbeidet.</p>	<p>OT sitt oppfølgingsarbeid: Ta personlig kontakt og gi tilbud om oppfølging av ungdommen slik det er beskrive i OT sitt årshjul</p> <p>Delta i tverretatlege samarbeid i alle kommunar slik at kvar ungdom får mest mogleg heilskaplege tiltak.</p> <p>Etter avtale med NAV følgje opp ungdom i praksisplass.</p>

1.1. Handling retta mot heile årskull

Primær førebygging

Primær førebygging er tiltak retta mot heile årskull. For oppfølgingstenesta betyr dette at ungdom i alderen 16-21 år, elevar, føresette og skolane sitt personale skal ha kunnskap om OT og OT sine ansvarsområde.

Mål for primær førebygging	Ungdommar og føresette i grunnskole og vidaregåande skole og fagopplæring skal vere kjende med OT sine oppgåver, ansvarsområde og organisering.
Tiltak som skole eigar har ansvar for	Legge til rette for informasjon om OT ved å: <ol style="list-style-type: none">1. Utdanningsavdelinga sender ut brev til rettslevar med brukarnamn og passord og opplysningar om søknadsfrist i januar. Søkjarane blir informert om at dei vil bli kontakta av OT i mai om dei ikkje legg inn opplysningar om årsak til at dei ikkje søker om skoleplass på Vigo-web.2. Ha oppdaterte nettsider på mrfylke.no3. Utarbeide ny OT-brosjyre.
Tiltak som rektor har ansvar for	Legge til rette for informasjon om OT ved å: <ol style="list-style-type: none">1. Rektor på kvar skole har ansvar for at det blir lagt til rette for informasjonsarbeid til elevar og føresette.2. Alt pedagogisk personale i skolen skal ha kjennskap til OT og OT sine ansvarsområde.
Tiltak som OT har ansvar for	Informasjon om OT sitt arbeid ved å: <ol style="list-style-type: none">1. Regelmessige samarbeidsmøte med rektor og rådgivarar i dei vidaregåande skolane i regionen.

1.2. Handling retta mot risikogrupper Sekundær førebygging

Sekundær førebygging betyr at ein set inn tiltak mot elevar som er i risiko for å utvikle vanskar eller mot elevar med indikasjon på vanskar. For skolen betyr dette at dei må sjå på unge sitt samspel med kvarandre, med lærarane, og andre i vaksenmiljøet i og utanfor skolen. Kor vidt skolen skal utvikle alternative opplæringsarenaer må og vurderast.

Skal ein redusere fråfall i skole og andre opplæringsarenaer, krevst det ein samla innsats frå mange faggrupper og instansar i og utanfor skolen. Eit organisert samarbeid mellom fylke, kommune og lokalt arbeids- og næringsliv må utviklast vidare.

OT skal delta med sin kompetanse om fråfall og fråfallsførebygging i det pedagogiske og spesialpedagogiske tilretteleggingsarbeidet i skolen.

Mål for se kundær førebygging	OT sin kompetanse om årsaker til fråfall og kjennskap til arbeids- og næringsliv må nyttast i vidaregåande opplæring. Dette for at moglegheitene som finns i vidaregåande opplæring skal verte betre utnytta med tanke på å legge til rette, organisere og tilpasse opplæringa for den enkelte ungdom. Skal skolen/OT lykkast i sitt førebyggjande arbeid, må skoleleiinga sørgje for at OT har ei tydeleg forankring og ei tydeleg rolle i skolen sitt pedagogiske miljø.
Tiltak som skole eigar har ansvar for	Følgje opp arbeidet OT skal gjere ved å: <ol style="list-style-type: none"> 1. Bidra til kunnskapsutvikling og formidling om risikogrupper og fråfallsførebygging. 2. Ha aktuell og oppdatert faglitteratur på OT-rommet på fronter. 3. Oppfølgingsmøte med kvar OT-region minimum ein gong årleg.
Tiltak som rektor har ansvar for	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ha rutinar som legg til rette for ein god overgang frå skole til opplæring i bedrift for risikoelevar innanfor dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. 2. Samarbeide med lokalsamfunnet/arbeidslivet gjennom prosjekt til fordjuping. Med spesiell vekt på tilrettelegging for risikoelevar. 3. I samarbeid med opplæringskontora nytte entreprenørskapsmetodar, utdanningsval og prosjekt til fordjuping til å knytte kontakt med aktuelle lærebedrifter for den enkelte elev og samtidig rekruttere nye lærebedrifter. 4. Ha rutine for å hjelpe elevar vidare til anna hjelpeapparat (PPT, barnevern, helseteneste) når det er nødvendig.
Tiltak som OT har ansvar for	<ol style="list-style-type: none"> 1. OT skal samarbeide med skolen og kjenne til gjennomføringsarbeidet i fylket. 2. OT skal vere med å vidareutvikle skolane sine rutinar for tidleg formidling og god overgang frå opplæring i skole til opplæring i bedrift. 3. OT skal kjenne til og ha eit samarbeid med næringslivet i sin region. 4. OT skal kalle inn til tverretatleg samarbeid i kommunane minimum to gonger årleg. Grupper av ungdom er i risiko for å utvikle vanskar på fleire livsområde og treng tilpassa og koordinerte tiltak. OT har ei viktig rolle i å koordinere tverretatleg arbeid samt å kjenne til tilboda i dei ulike kommunane. Føremålet er å bidra med kunnskap og utvikle det lokale samarbeidet med NAV og kommunar.

1.3. Handling retta mot elevar med sterkt behov for oppfølging

Tertiær førebygging

Tertiær førebygging er tiltak retta mot ein skilde individ eller grupper med same problem. Målet er å minske omfanget av problem eller forverring av situasjonen. For Oppfølgingstenesta er dette ungdommar, i alderen 16-21 år, som ikkje har søkt skoleplass eller har slutta i skole eller i opplæring.

Mål for tertiær førebygging	OT skal ha god oversikt over målgruppa gjennom dataprogrammet OTTO. Ungdom i OT si målgruppa skal vere sikra tilbod om god rettleiing. Gode oppfølgingsrutinar og samarbeidsrutinar skal sikre at den enkelte OT-ungdom får best mogleg fleksible og tilpassa tilbod.
Tiltak som skoleeigar har ansvar for	<p>Følgje opp arbeidet OT skal gjere ved å:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. April: Oversikt over ikkje-søkjarar blir overført til OTTO 2. September: Søkjarar som har takka nei til plass eller søkjarar som ikkje har møtt på skolen blir overført til OTTO. 3. Registrering av sluttmelding og overføring frå Vigo til OTTO den første i kvar måned over elevar/lærlingar/lærekandidatar som sluttar. 4. Fagopplæring tar kontakt med OT-rettleiarane for å samordne arbeidet rundt ungdom som er vanskelege å formidle/ikkje har fått lærekontrakt/opplæringskontrakt.
Tiltak som rektor har ansvar for	<p>Rektor har ansvar for at skolen har rutinar for å følgje opp og legge til rette for elevar som har vanskar gjennom heile skoleåret.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Gjennom kontaktlærarordninga skal elevane få tilbod om regelmessige trivsels- og utviklingssamtalar (elevsamtalar). Skolen skal og ha eit opplegg som inneber at dei ser den enkelte elev, og får ein god relasjon til kvar enkelt. OT skal vere ein drøftingspart når elevar er i risiko for å slutte på skolen. 2. Rektor har ansvar for at OT er ein integrert del av den sosialpedagogiske organiseringa av skolen. 3. Rektor har ansvar for at OT blir knytt til skolen sitt arbeid med karriererettleiing og tidleg formidling. 4. Rektor skal sende sluttmelding til utdanningsavdelinga med kopi til OT så snart ein ungdom har slutta i skole/opplæring. Dette for å sikre at OT raskt tar kontakt med ungdommen for å tilby oppfølging.
Tiltak som OT har ansvar for	<ol style="list-style-type: none"> 1. OT har ei viktig rolle i å koordinere tverretatleg samarbeid samt å kjenne til tilboda i dei ulike kommunane. 2. April: OT-rettleiar tar ut liste over ikkje-søkjarar og sørgjer for at det blir oppretta kontakt med dei. Tilbyr rettleiing. 3. September: OT-rettleiar tar ut liste over ikkje-søkjar/ikkje møtte og sørgjer for at det blir oppretta kontakt med dei. Tilbyr rettleiing. 4. Oktober: OT-rettleiar får tilsendt liste over ungdom som har søkt om spesialundervisning inneverande eller tidlegare år, men som no ikkje er i skole/opplæring. Tilbyr rettleiing. 5. OT skal ta kontakt og følgje opp nye ungdommar som blir overført til OTTO den første i kvar måned. 6. Etter avtale med NAV følgje opp ungdom i praksisplass.

1.4 Interne kvalitetshevingstiltak

Kvalitet i OT handlar kvalitet om arbeidsrutinar internt i OT og kvaliteten på den rådgivinga og dei tilretteleggingstiltaka OT kan tilby.

Det er utarbeidd ei kvalitetshandbok for OT sitt arbeid. Kvalitetshandboka inneheld mellom anna eit årshjul for OT. Her er det rutinar for oppfølging av ungdom, når ein skal ta kontakt og korleis ein tar kontakt samt rutinar for sakshandsaming og tverretatleg samarbeid.

Mål for Kvalitet i OT sitt arbeid	<p>OT skal ha oversikt over målgruppa gjennom gode dokumentasjons- og registreringsrutinar.</p> <p>OT skal ha kunnskap og gode rutinar i sitt arbeid i møte med ungdom, skolar, bedrifter og i samarbeidet med kommunar.</p>
Tiltak som skoleeigar har ansvar for	<p>Legge til rette for kvalitet i OT sitt arbeid ved å:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Sørgje for at det til ei kvar tid finnest oppdatert oversikt over målgruppa gjennom dataprogrammet OTTO.2. Halde kvalitetshandbok, OT-brosjyre og OT-rommet på fronter oppdatert.3. Analyse av data, resultatvurdering og kunnskap som grunnlag for tiltak.4. Legge til rette for fagleg kompetanseutvikling i OT. Arrangere OT-samlingar som fagleg forum jfr. OT sitt årshjul.6. Samordne OT sitt arbeid. Oppfølgingsmøte med kvar OT-region ein gong årleg.7. kompetanseheving innafor yrkes- og utdanningsretteleing.8. Vurdere organiseringa av OT.
Tiltak som rektor har ansvar for	<p>Legge til rette for kvalitet i OT sitt arbeid ved å:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Rektor er nærmaste overordna til tilsette i skolen og har ansvar for at OT utfører det arbeidet dei skal gjere i følge kvalitetshandbok og handlingsplan.2. Rektor skal sørgje for at OT er ein del av skolen sitt pedagogiske miljø ved at OT skal:<ul style="list-style-type: none">• vere ein del av den sosialpedagogiske organiseringa i skolen• vere knytt til skolen sitt arbeid med karriererettleing• vere knytt til skolen sitt arbeid med tidleg formidling3. Rektor skal sørgje for at samarbeidsrutinar mellom skole og OT-retteleiar blir forbetra og vidareutvikla gjennom årleg planleggingsmøte.4. Pedagogisk personale i skolen og støttefunksjonar, som PPT, skal ha kjennskap til OT og OT sine ansvarsområde.
Tiltak som OT har ansvar for	<p>OT skal ha god kvalitet i sitt arbeid ved å:</p> <ol style="list-style-type: none">1. OT skal vere oppdaterte og ha innsikt i gjeldande lover og planar for vidaregåande opplæring.2. Gjennom dataprogrammet OTTO og kvalitetshandboka skal OT ha oversikt over målgruppa og gode rutinar i sitt arbeid.3. Regelmessige samarbeidsmøte med dei vidaregåande skolane i regionen og OT.

1.5. Tverretatleg samarbeid

Oppfølgingstenesta skal sikre tverretatleg samarbeid mellom kommunale, fylkeskommunale og statlege instansar som har ansvar for målgruppa, og formidle, eventuelt samordne, tilbod frå ulike instansar.

Ein del ungdommar har vanskar på fleire livsområde og bruker tenester frå fleire instansar. For at ungdommane skal få eit mest mogleg heilskapleg tilbod er det nødvendig at OT har eit godt samarbeid med grunnskolar, vidaregåande skolar, nav og kommunar.

Mål for tverretatleg samarbeid	<p>OT skal ha kunnskap og gode rutinar i sitt arbeid i møte med skolar, bedrifter og i samarbeidet med kommunar.</p> <p>OT må ha oversikt over kommunane og nav sine tilbod til målgruppa i tillegg til at dei har god kjennskap til tilboda i vidaregåande skole og fagopplæring.</p> <p>Skoleeigar, OT-koordinator, OT-retteiar, rådgivarar og kontaktlærarar og rettleiarar/instruktørar i bedrifter skal vere kjende med OT sine oppgåver, ansvarsområder og organisering. Samarbeidspartar skal ha fått informasjon om OT.</p>
Tiltak som skoleeigar er ansvarleg for	<p>Følgje opp arbeidet OT skal gjere ved å:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Sørgje for at samarbeidsavtalar på fylkesnivå blir utvikla, ført vidare og fornya.2. Møte med nav-fylke minimum to gonger årleg. Føremålet er å samordne og utvikle arbeidet.
Tiltak som rektor er ansvarleg for	<p>Rektor har ansvar å følgje opp og legge til rette for at OT sitt tverretatlege samarbeid opp mot skolar/nav/kommunar/næringsliv.</p>
Tiltak som OT er ansvarleg for	<ol style="list-style-type: none">1. OT skal kalle inn til tverretatleg team i kommunane minimum to gonger årleg. Deltakarar er rådgivarar i ungdomsskole, PPT, barnevern, nav. Føremålet er å samordne og utvikle den tverretatlege verksemda retta mot brukarane.